



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

Steinar Albrethson  
Fetvegen 64

5464 Dimmelsvik

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2024/1683-6		08.10.2024

## Gjeld søknad om dispensasjon - 112/21 - Oppretting grunneigedom - tomt kring tunet - Fetvegen 64

Viser til søknad om deling mottatt 20.08.2024 og uttale med vurdering etter jordlova frå Landbrukskontoret datert 01.10.2024 – sjå vedlagt.

Sidan deling av areal kring tunet med nytt matrikelnummer treng dispensasjon (jf. plan og bygningsloven § 19-2) frå arealføremålet LNF i kommuneplanen, må du senda inn søknad om dispensasjon, sjå vedlagt skjema - før kommunen kan behandla saka.

Det må grunngjevast i søknaden kvifor du ynskjer å frådela areal kring driftsbygningen på nedsida av vegen, då denne ikkje høyrer naturleg til bustadføremålet.

Kommunen sender saka på høyring til Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune før det vert gjort vedtak. Søknaden vert behandla politisk i forvaltningsutvalet.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Torill Slåke  
Fagkoordinator byggesak

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Mottakarar:  
Steinar Albrethson

